

Aasmund Olavsson Vinje

Utvalgte dikt

1864

□

[Vaaren](#)

[Ved Rundarne](#)

[Den Særde](#)

[Langs ei Aa](#)

[Leitande efter Blaamann](#)

[Vaaren.](#)

Enno ein Gong fekk eg Vetren at sjaa for Vaaren at røma;

Heggen med Tre som der Blomar var paa eg etter saag bløma.

Enno ein Gong fekk eg Isen at sjaa fraa Landet at fljota,

Snjoen at braana, og Fossen i Aa at fyssa og brjota.

Graset det grøne eg enno ein Gong fekk skoda med Blomar;

enno eg høyrdet at Vaarfuglen song mot Sol og mot Sumar.

Enno ein Gong den Velsignad eg fekk, at Gauken eg høyrdet,

enno ein Gong ut paa Aakren eg gjekk, der Plogen dei kjøyrdet.

Enno ein Gong fekk eg skoda meg varm paa Lufti og Engi;

Jordi at sjaa som med lengtande Barm at sukka i Sængi.

Vaarsky at leika der til og ifraa, og Skybankar krulla,

so ut av Banken tok Tora til slaa og kralla og rulla.
Saagiddren endaa meg unntes at sjaa paa Vaarbakken dansa,
Fivreld at floksa og fjuka ifraa der Blomar seg kransa.
Alt dette Vaarliv eg etter fekk sjaa, som sidan eg miste.
Men eg er tungsam og spyrja meg maa: tru det er det siste?
Lat det so vera: Eg myket av Vænt i Livet fekk njota.
Meire eg fekk enn eg havde fortent, og Alting maa trjota.
Eingong eg sjølv i den vaarlege Eim, som mettar mit Auga,
eingong eg der vil meg finna ein Heim og symjande lauga.
Alt det som Vaaren imøte meg bar, og Blomen eg plukkad',
Federnes Aander eg trudde det var, som dansad' og sukkad'.
Derfor eg fann millom Bjørkar og Bar i Vaaren ei Gaata;
derfor det Ljod i den Fløyta eg skar, meg tyktes at graata.

Ved Rundarne.

No seer eg etter slike Fjell og Dalar,
som deim eg i min første Ungdom saag,
og sama Vind den heite Panna svalar;
og Gullet ligg paa Snjo, som før det laag.
Det er eit Barnemaal, som til meg talar,
og gjer meg tankefull, men endaa fjaag
Med Ungdomsminne er den Tala blandad:
Det strøymer paa meg, so eg knapt kan anda.

Ja, Livet strøymer paa meg, som det strøynde,
naar under Snjo eg saag det grøne Straa.
Eg drøymer no, som før eg altid drøynde,
naar slike Fjell eg saag i Lufti blaa.
Eg gløymer Dagsens Strid, som før eg gløynde,
naar eg mot Kveld af Sol eit Glimt fekk sjaa.
Eg finner vel eit Hus, som vil meg hysa,

naar Soli heim mot Notti vil meg lysa.

Alt er som før, men det er meir forklaarat,
so Dagsens Ljos meg synes meire bjart,
og det, som beit og skar meg, so det saarat,
det gjever sjølve Skuggen mindre svart:
sjølv det, som til at synda tadt meg daarat,
sjølv det gjer harde Fjellet mindre hardt.

Forsonad' koma atter gamle Tankar:
det sama Hjarta er, som eldre bankar.

Og hver ein Stein eg som ein Kjenning finner,
for slik var den, eg flaug ikring som Gut.

Som det var Kjæmper spyr eg, hvem som vinner
af den og denne andre haage Nut.

Alt minner meg; det minner, og det minner,
til Soli ned i Snjoen sloknar ut.

Og in i siste Svevn meg eingong huggar
dei gamle Minne og dei gamle Skuggar.

Den Særde.

Mit Hjarta har voret i Livets Strid
og mangteit Saar har det fengjet;
det laag sjukt og saart i somangei Rid,
men endaa det har til denne Tid
fraa Leiken med Livet gjenget.

Men Er paa Er efter Saar paa Saar,
der er paa hver einast' Sida,
og up dei brjota hver evig Vaar,
naar Louvet spretter og Isen gaar,
og Gauken gjeler i Lida.

Men Blomar bløma i desse Er,
og blømande Blom er taaret.
Det soleids ogso med Jorden er:
naar Regn og Dogg hun fraa Himlen fær,
so vexa Blomar i Saaret.

Langs ei Aa.

Du Skog! som bøygjer deg imot
og kysser denne svarte Aa,
som grever af di Hjarterot
og ned i Fanget vil deg faa,
lik deg eg Mangein munde sjaa
og allerhelst i Livsens Vaar,
at han den Haandi kyste paa,
som slog hans verste Hjartesaar.

Leitande efter Blaamann.

«Blaamann», «Blaamann», Bukken min!
tænk paa vesle Guten din!

Bjørnen med sin lodne Feld
kan deg taka seint i Kveld.

Gamle «Lykle», Moder di,
seint kom heim med Bjølla si.

So ikring seg hun mund sjaa,
liksom der var Faare paa.

Det saag ut, som der var Naud,
kanskje no du ligger daud.

Tidt du dansad kringom meg,
mangt eg rødde daa med deg.

Naar eg laag som blind og dauv,
grov du paa meg med di Klauv.

Ja, du vilde vekkja meg
up til Leiken din med deg.

Du var spræk og glad og god,
all min Ros du vel forstod.

Tidt du veit eg sa' til deg:
«han veit meir enn mata seg».

«Blaamann», «Blaamann», svar meg no,
mækre med dit kjende Ljod!

Ikke enno «Blaamann» min,
maa du døy fraa Guten din.

Aasmund Olavsson Vinjes *Utvælgte dikt* er lastet ned gratis fra bokselkap.no